



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger, fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	01.02.2017
Kl.	16:00 – 17.30

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Bjørn Erik Hollevik, H

Varamedlemer til stades:

Marita Gunn Aarvik, FrP

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 25. januar 2017 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering: Fylkesordføraren og fylkesrådmannen informerte frå møte den 31.01.17 mellom leiinga i Sogn og Fjordane Energi AS og dei to dominerande eigarane i selskapet, BKK AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesutvalet vedtok at orienteringa skulle finne stad bak lukka dørar, jf. kommunelova § 31, nr. 2.

SAK 10/17 Høyring av forslag til program for konsekvensutgreiing for Snorre Expansion Project

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål vil bli handtert på ein tilfredsstillande måte. Fylkeskommunen vil difor konsentrere fråsegna om samfunnsmessige verknader gjennom følgjande kommentarar.

1. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket, er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med større prosjekt og utbyggingar utanfor fylket.
2. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Skulle vidare utgreiingar gje rom for å innfri politiske målsettingar om kraft frå land, bør arbeidet ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Vi ber om tidleg involvering av regionalt nettselskap som tidlegare har gjort eit grundig arbeid rundt dette i samband med planar for Gjøautbygginga.
3. Ein stor del av norsk petroleumsproduksjon skjer utanfor Sogn og Fjordane. For fylket under eitt syner dette i liten grad att i form av arbeidsplassar på land. Flora kommune, som er vertskommune for forsynings- og helikopterbasen og nest størst kommune i fylket, er derimot svært avhengig av sysselsettinga i petroleumsindustrien. Forsyningar og driftsstøtte til Snorre spelar her ei avgjerande rolle for funksjonsbreidde og konkurransevne. At Snorre Expansion Project (SEP) legg til grunn forsynings- og helikopterbase i Florø er positivt.
4. Når det gjeld driftsorganisasjonen ønskjer vi å nansere biletet i høve framlegg til KU-program. Der står det at driftsorganisasjonen ligg i Stavanger. I St.prp. nr. 56 (1987-88) står det derimot at «...dele aktivitetene i forbindelse med drift og vedlikehold i to driftsenheter, i henholdsvis Stavanger og Florø. Arbeidsdelingen mellom de to driftsenhetene innebærer at Stavanger blir hovedsete for driftsorganisasjonen, mens en utvidet forsyningsbase legges til Florø.» Vedlikehald av innsendt utstyr er blant oppgåvene som vert lagde til Florø. Leiing av - og ingeniørfunksjonar knytt til - vedlikehald vart føresett delt mellom Stavanger og Florø.
5. SEP er eit stort subseaprojekt, og lagring og vedlikehald av subseautstyr kan gje mykje aktivitet. Dette har høg relevans i høve føregåande pkt. 4. På Fjord base og i området elles er det over tid utvikla infrastruktur og erfaring til å ta hand om slike oppgåver. Lokalt bachelorstudium i undervassteknologi er med å styrkje denne kompetansebasen. Vi ber om at det blir gjort greie for korleis desse oppgåvene vil bli organiserte.
6. SEP vil innebere hektisk aktivitet i utbyggings- og modifikasjonsperioden. Det er t.d. sannsynleg at to riggar vil bore kontinuerleg i området over fleire år. Dette kan medføre at det i periodar er trong for meir transportkapasitet, t.d. når det gjeld båt og helikopter. Vi ber om at det blir gjort greie for korleis operatøren tenkjer å løyse desse utfordringane.
7. I utbyggingsprosjektet vil mykje av aktiviteten skje i regi av store underleverandørar. Rettidig og relevant kontakt med desse, i tillegg til med operatørselskapet, er avgjerande for at lokal leverandørindustri skal kome i inngrep med konkurransedyktige løysingar. Her vil operatøren spele ei svært viktig rolle, og vi ber om at dette vert synleggjort i KU-en.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet fremja Petroleumsrådet sitt framlegg til høyringsfråsegn til KU-program Snorre Expansion Project:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål blir handtert på ein tilfredsstillande måte. Driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket, er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med større prosjekt og utbyggingar utanfor fylket. Fylkeskommunen vil konsentrere fråsegna rundt spørsmål om samfunnsmessige verknader gjennom følgjande kommentarar.

1. Ein stor del av norsk petroleumsproduksjon skjer utanfor Sogn og Fjordane. Historisk har det vore ein ubalanse mellom produksjon og aktivitet. Like fullt er Flora kommune, som er vertskommune for forsynings- og helikopterbase og den nest største kommunen i fylket, svært avhengig av sysselsettinga i petroleumsindustrien. Forsyningar og driftsstøtte til Snorre spelar her ei avgjerande rolle for funksjonsbreidde og konkurransevne. At Snorre Expansion Project (SEP) legg til grunn forsynings- og helikopterbase i Florø, og dermed drar vekslar på kortaste avstand, er positivt.
2. I KU-programmet står det at driftsorganisasjonen ligg i Stavanger. I St.prp. nr. 56 (1987-88) står det derimot at «...dele aktivitetene i forbindelse med drift og vedlikehold i to driftsenheter, i henholdsvis Stavanger og Florø. Arbeidsdelingen mellom de to driftsenhetene innebærer at Stavanger blir hovedsete for driftsorganisasjonen, mens en utvidet forsyningsbase legges til Florø.» Vedlikehald av innsendt utstyr er blant oppgåvene som vart lagde til Florø. Leiing av - og ingeniørfunksjonar knytt til - vedlikehald vart føresett delt mellom Stavanger og Florø. Vi legg til grunn at denne modellen også gjeld for SEP.
3. SEP er eit stort subseaprojekt, og lagring og vedlikehald av subseautstyr kan gje mykje aktivitet. På Fjord base og i området elles er det over tid utvikla infrastruktur og erfaring til å ta hand om slike oppgåver. Lokalt bachelorstudium i undervassteknologi er med å styrkje denne kompetansebasen. Vi forventar at desse funksjonane vil bli utførde i Florø (ref føregåande punkt 2), og vi ber om at dette vert synleggjort i konsekvensutgreiinga.
4. SEP vil innebere hektisk aktivitet i utbyggings- og modifikasjonsperioden. Det er til dømes sannsynleg at to riggar vil bore kontinuerleg i området over fleire år. Dette kan fort medføre at det i periodar er trong for meir transportkapasitet, eksempelvis når det gjeld båt og helikopter. Vi reknar med at operatøren vil løyse desse utfordringane, og vi ber om at det i konsekvensutgreiinga blir synleggjort korleis dette reint praktisk er tenkt gjennomført.
5. I utbyggingsprosjekt som dette, vil mykje av aktiviteten skje i regi av store underleverandørar. Rettidig og relevant kontakt med desse, i tillegg til med operatørselskap, er avgjerande for at lokal leverandørindustri skal kome i inngrep med konkurransedyktige løysingar. Her vil operatøren spele ei svært viktig rolle. Dette var eit viktig motiv for at også innkjøpsfunksjonar for Snorre vart lagde til Florø (ref St.prp. nr. 56 (1987-88)). Vi ber om synleggjering av korleis operatøren vil leggje til rette for at lokal leverandørindustri får best mogleg føresetnader for å delta i prosjekt- og seinare driftsfase.
6. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Skulle vidare utgreiingar gje rom for å innfri politiske målsettingar om kraft frå land, så bør arbeidet ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Tidleg involvering av regionalt nettselskap blir i tilfelle viktig.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål blir handtert på ein tilfredsstillande måte. Driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket, er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med større prosjekt og utbyggingar utanfor fylket. Fylkeskommunen vil konsentrere fråsegna rundt spørsmål om samfunnsmessige verknader gjennom følgjande kommentarar.

1. Ein stor del av norsk petroleumsproduksjon skjer utanfor Sogn og Fjordane. Historisk har det vore ein ubalanse mellom produksjon og aktivitet. Like fullt er Flora kommune, som er verts-kommune for forsynings- og helikopterbase og den nest største kommunen i fylket, svært avhengig av sysselsettinga i petroleumsindustrien. Forsyningar og driftsstøtte til Snorre spelar her ei avgjerande rolle for funksjonsbreidde og konkurransevne. At Snorre Expansion Project (SEP) legg til grunn forsynings- og helikopterbase i Florø, og dermed drar vekslar på kortaste avstand, er positivt.
2. I KU-programmet står det at driftsorganisasjonen ligg i Stavanger. I St.prp. nr. 56 (1987-88) står det derimot at «...dele aktivitetene i forbindelse med drift og vedlikehold i to driftsenheter, i henholdsvis Stavanger og Florø. Arbeidsdelingen mellom de to driftsenhetene innebærer at Stavanger blir hovedsete for driftsorganisasjonen, mens en utvidet forsyningsbase legges til Florø.» Vedlikehold av innsendt utstyr er blant oppgåvene som vart lagde til Florø. Leing av - og ingeniørfunksjonar knytt til - vedlikehold vart føresett delt mellom Stavanger og Florø. Vi legg til grunn at denne modellen også gjeld for SEP.
3. SEP er eit stort subseaprojekt, og lagring og vedlikehold av subseautstyr kan gje mykje aktivitet. På Fjord base og i området elles er det over tid utvikla infrastruktur og erfaring til å ta hand om slike oppgåver. Lokalt bachelorstudium i undervassteknologi er med å styrkje denne kompetansebasen. Vi forventar at desse funksjonane vil bli utførde i Florø (ref føregåande punkt 2), og vi ber om at dette vert synleggjort i konsekvensutgreiinga.
4. SEP vil innebere hektisk aktivitet i utbyggings- og modifikasjonsperioden. Det er til dømes sannsynleg at to riggar vil bore kontinuerleg i området over fleire år. Dette kan fort medføre at det i periodar er trong for meir transportkapasitet, eksempelvis når det gjeld båt og helikopter. Vi reknar med at operatøren vil løyse desse utfordringane, og vi ber om at det i konsekvensutgreiinga blir synleggjort korleis dette reint praktisk er tenkt gjennomført.
5. I utbyggingsprosjekt som dette, vil mykje av aktiviteten skje i regi av store underleverandørar. Rettidig og relevant kontakt med desse, i tillegg til med operatørselskap, er avgjerande for at lokal leverandørindustri skal kome i inngrep med konkurransedyktige løysingar. Her vil operatøren spele ei svært viktig rolle. Dette var eit viktig motiv for at også innkjøpsfunksjonar for Snorre vart lagde til Florø (ref St.prp. nr. 56 (1987-88)). Vi ber om synleggjering av korleis operatøren vil leggje til rette for at lokal leverandørindustri får best mogleg føresetnader for å delta i prosjekt- og seinare driftsfase.
6. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Skulle vidare utgreiingar gje rom for å innfri politiske målsettingar om kraft frå land, så bør arbeidet ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Tidleg involvering av regionalt nettselskap blir i tilfelle viktig.



Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutvalet tilrår samrøystes å endre overskrifta på saka til:

Nye akvakulturoppgåver til fylka

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Akvakulturnæringa er ei viktig næring på Vestlandet. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i akvakulturforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil Sogn og Fjordane fylkeskommune at Vestlandet skal tilførast fleire akvakulturoppgåver frå regional stat.
3. Saka om nye akvakulturoppgåver vert å sende til regjeringa ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og Fiskeridepartementet.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til endring i overskrifta i saka:
Nye akvakulturoppgåver til det folkevalde regionale nivået

Avrøysting:

Arbeidarpartiet sitt framlegg om endring i overskrifta i saka, og tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Overskrifta på saka vert endra til:

Nye akvakulturoppgåver til det folkevalde regionale nivået

1. Akvakulturnæringa er ei viktig næring på Vestlandet. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i akvakulturforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil Sogn og Fjordane fylkeskommune at Vestlandet skal tilførast fleire akvakulturoppgåver frå regional stat.
3. Saka om nye akvakulturoppgåver vert å sende til regjeringa ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og Fiskeridepartementet.

SAK 12/17 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2017

VEDTAK:



1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 16.12.16 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2017 til vitande.
2. Fylkeskommunen ser positivt på delegering av nye oppgåver på kulturminnefeltet. Oppbygging av kapasitet og kompetanse til å ta imot nye oppgåver må sjåast i samanheng med omfanget av delegeringa og korleis dette vert kompensert frå staten sin side.

SAK 13/17 Budsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 1,239 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
2. Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 0,346 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
3. Teneste 7322 Båt-, ekspress- og lokalruter vert auka med 0,395 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
4. Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald vert redusert med 7,246 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
5. Fylkesskatt vert auka med 0,147 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
6. Rammetilskot vert auka med 7,202 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
7. Teneste 5590 Landslinjer vert tilført 1 mill. kr i auka inntekter i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020. Tilsvarende vert utgiftene på tenesta auka med same beløp.
8. Programområde 715 Lokal og regional utvikling vert auka med 1,400 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 med slik fordeling:
 - Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 0,300 mill. kr årleg i 2017-2020.
 - Teneste 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 0,800 mill. kr i 2017 og med 0,700 mill. kr årleg frå 2018-2020.
 - Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima vert auka med 0,300 mill. kr årleg i 2017-2020.
 - Teneste 7157 Internasjonalt arbeid vert auka med 0,1 mill. kr årleg frå 2018-2020.
9. Regionale utviklingsmidlar vert auka med 19,350 mill. kr i 2017.
10. Programområde 701 Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet vert auka med 19,350 mill. kr i 2017. Hovudutvalet for næring og kultur skal i tråd med gjeldande budsjettreglement fordele midlane på tenestenivå.
11. Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til omstillingsfondet med 11,215 mill. kr i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
12. Som ein konsekvens av vedtakspunkta 1-11 over vert dei økonomiske driftsrammene i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 slik:

Økonomiske rammer	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 282,513	-2 246,078	-2 221,597	-2 149,660



Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	174,678	166,100	165,701	165,053
Opplæring	850,302	836,569	820,587	815,904
Tannhelsetenesta	81,531	78,786	78,786	78,786
Næring og kultur	170,919	144,309	143,909	143,909
Samferdsle	1 005,083	1 020,314	1 012,614	946,008
Sum sektorrammer	2 282,513	2 246,078	2 221,597	2 149,660

SAK 14/17 Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dersom den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, er fylkestinget innstilt på at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
2. Dersom Stortinget vedtek ei nasjonal regionreform som reduserer tal fylke/regionar til om lag 10, legg til rette for harmonisering mellom statlege regionar og det regionale folkevalde nivået og styrkar regionnivået, søker fylkestinget – i samsvar med inndelingslova – om at Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region frå 2020 – Vestlandet/Vestlandsregionen. Fylkestinget legg til grunn at fylkestinget i Hordaland søker tilsvarande.

Fylkestinget legg i dette tilfelle den framforhandla intensjonsplanen av 17.01.17 til grunn som rammeverk for Vestlandet/Vestlandsregionen, med følgjande presiseringar:

- a) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen i den nye regionen skal byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette skal gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering skal dette prinsippet stå sentralt.
- b) Ekspertutvalet, som skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre nye og viktige oppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Fylkeskommunane må vere godt representerte i ekspertutvalet.
- c) Dersom nye folkevalde regionar får svært ulikt innbyggjartal, må Stortinget vurdere å fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa.
- d) Det nye fylkesmannsembetet må få ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert òg lagt til grunn at embetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, i vår tilfelle med leiing frå Sogn og Fjordane.
- e) Fylkestinget stiller seg positiv til at kommunar i Rogaland og Møre og Romsdal, som eventuelt ønskjer å bli ein del av den nye folkevalde regionen på Vestlandet, søker om dette.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg som endring i punkt 1 og 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen (endring synt med utheva skrift):

1. **Om** den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåve frå statleg til regionalt folkevalt nivå, **vil fylkestinget at Sogn og Fjordane** held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.

2. **Om** Stortinget vedtek ei nasjonal regionreform som reduserer tal fylke/regionar til om lag 10, **og legg til rette for styrking og overfører makt og oppgåver/funksjonar til det regionale folkevalde nivået**, søker fylkestinget – i samsvar med inndelingslova – om at Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region frå 2020 – Vestlandet/Vestlandsregionen. Fylkestinget legg til grunn at fylkestinget i Hordaland søker tilsvarande.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Fylkestinget vil at Sogn og Fjordane fylke held fram og vert vidareutvikla som eige fylke. Sogn og Fjordane fylkeskommune leverer god kvalitet på tenestene og har god økonomistyring. Ei samanslåing utan at det vert tilført nye oppgåver vil flytte makt og mynde vekk frå innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Fylkestinget ber regjeringa og Stortinget avklare kva nye oppgåver fylka skal løyse i framtida. Om fylka vert tilført nye oppgåver vil fylkestinget vurdere saka på nytt.

Avrøysting:

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes og Aleksander Øren Heen røysta for Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 1.

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Gunhild Berge Stang og Marita Gunn Aarvik røysta for Arbeidarpartiet sitt framlegg til endring i punkt 1. Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 1 fekk ingen røyster.

Arbeidarpartiet sitt framlegg til endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 2 fekk ingen røyster.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
2. Om Stortinget vedtek ei nasjonal regionreform som reduserer tal fylke/regionar til om lag 10, og legg til rette for styrking og overfører makt og oppgåver/funksjonar til det regionale folkevalde nivået, søker fylkestinget – i samsvar med inndelingslova – om at Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region frå 2020 – Vestlandet/Vestlandsregionen. Fylkestinget legg til grunn at fylkestinget i Hordaland søker tilsvarande.

Fylkestinget legg i dette tilfelle den framforhandla intensjonsplanen av 17.01.17 til grunn som rammeverk for Vestlandet/Vestlandsregionen, med følgjande presiseringar:

- a) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen i den nye regionen skal byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette skal gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre oppgåver innanfor alle



sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering skal dette prinsippet stå sentralt.

- b) Ekspertutvalet, som skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre nye og viktige oppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Fylkeskommunane må vere godt representerte i ekspertutvalet.
- c) Dersom nye folkevalde regionar får svært ulikt innbyggjartal, må Stortinget vurdere å fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa.
- d) Det nye fylkesmannsembetet må få ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert òg lagt til grunn at embetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, i vår tilfelle med leiing frå Sogn og Fjordane.
- e) Fylkestinget stiller seg positiv til at kommunar i Rogaland og Møre og Romsdal, som eventuelt ønskjer å bli ein del av den nye folkevalde regionen på Vestlandet, søker om dette.

SAK 15/17 Fråsegn til Jordbruksmeldinga "Endring og utvikling - En fremtidsrettet jordbruksproduksjon" - Meld. St. 11 (2016-2017)

Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Framtidig jordbrukspolitikk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare. Forenkling må ikkje gå på bekostning av treffsikkerheita i tilskotsstrukturen.
2. Den overordna målsetjinga kan ikkje vere «kostnadseffektiv matproduksjon». Målsetjinga for landbrukspolitikken må formulerast utifrå desse delmåla: mattryggleik, drivverdig landbruk i heile landet, høgast mogleg sjølvforsyning, auka verdiskaping, berekraft og reduserte klimagassutslepp.
3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.
4. Det er positivt at auka produksjon så langt som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å stimulere til eit aktivt jordbruk og hindre attgroing.
5. Det må framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjølke i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar må ikkje fjernast. Marknadsreguleringsordninga for korn må vidareførast.
6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter må ligge fast.
7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Avløysartilskotet må vidareførast i dagens system, og ikkje leggjast om til ein del av produksjonstilskotet. Det må og sikrast moglegheiter for tidlegpensjon slik at nye generasjonar kan sleppe til i landbruket.
8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette . Det må og setjast av midlar til t.d. nydyrking og grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak må vurderast nærare.

Endringsframlegg:



Senterpartiet sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 2 i tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur:

Gode inntektsmoglegheiter er det viktigaste verkemiddelet for å nå desse jordbrukspolitiske måla.

Avrøysting:

Senterpartiet sitt framlegg til endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Marita Gunn Aarvik røysta mot tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Framtidig jordbrukspolitikk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare. Forenkling må ikkje gå på bekostning av treffsikkerheita i tilskotsstrukturen.
2. Den overordna målsetjinga kan ikkje vere «kostnadseffektiv matproduksjon». Målsetjinga for landbrukspolitikken må formulerast utifrå desse delmåla: mattryggleik, drivverdig landbruk i heile landet, høgast mogleg sjølvforsyning, auka verdiskaping, berekraft og reduserte klimagassutsløpp. Gode inntektsmoglegheiter er det viktigaste verkemiddelet for å nå desse jordbrukspolitiske måla.
3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.
4. Det er positivt at auka produksjon så langt som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å stimulere til eit aktivt jordbruk og hindre attgroing.
5. Det må framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjolk i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar må ikkje fjernast. Marknadsreguleringsordninga for korn må vidareførast.
6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter må ligge fast.
7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Avløysartilskotet må vidareførast i dagens system, og ikkje leggest om til ein del av produksjonstilskotet. Det må og sikrast moglegheiter for tidlegpensjon slik at nye generasjonar kan sleppe til i landbruket.
8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette . Det må og setjast av midlar til t.d. nydyrking og grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak må vurderast nærare.

SAK 16/17 Skriv og meldingar fylkesutvalet 1. februar 2017

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Suppleringsval fagopplæringsnemnd perioden 2016 – 2020
- 2: Invitasjon til møte med Helse Vest

Vedtak: Fylkesutvalet føreslår 6. mars og 3. april.

